Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2026/1923-1
Saksbehandlar: Marie Strand Fugelsnes
Avdeling: Strategi, styring og støtte

SAKSFRAMLEGG

Høyring av plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027-2028

Utval

Levekårsutvalet	21.10.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Levekårsutvalet vedtar å sende plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027–2028 på høyring, med høyringsfrist tre veker frå kunngjering.

Politisk behandling

Endeleg vedtak i saka blir gjort av levekårsutvalet.

Kort samandrag av saka

For at eit anlegg skal kunne søke om spelemidlar, må anlegget vere prioritert og inngå i ein kommunal plan. Derfor reviderer Austevoll kommune plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg kvart år. Planen skal på høyring og må vedtakast før årsskiftet. I den samanhengen oppgir kommunen rangeringa av søknader om spelemidlar.

Bakgrunn for saka

Austevoll kommune skal kvart år oppdatere prioriteringa av søknader om spelemidlar. For at eit anlegg skal kunne søke om spelemidlar, må anlegget vere prioritert og inngå i ein kommunal plan. Kommunen har frist 15. januar for å sende søknader om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv vidare til fylket. Tildeling av spelemidlar skjer seinast i juli kvart år.

For kulturbygg blir ordninga med spelemidlar lyst ut i samband med denne høyringa. Kommunen har frist 30. april for å sende søknader om tilskot til kulturbygg vidare til fylket.

Fakta i saka

I plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg må dei ulike søknadene om spelemidlar vere prioriterte i den rekkefølga kommunen tilrår for tildeling av tilskot. Anlegg som er ferdige og som har søkt om spelemidlar fleire gonger, bør prioriterast høgast. Søknader frå anlegg der alle nødvendige vedlegg er klare, og der kommunestyret har vedtatt at anlegget skal byggast, bør prioriterast deretter. Før planen kan vedtakast, må han sendast på høyring. For å rekke ei ny politisk behandling hausten 2026 bør høyringsfristen vere tre veker.

Dei kommunale fristane er:

- 15. september for å melde inn nye anlegg til anleggsregisteret og til plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftslivanlegg og kulturbygg
- 1. oktober for å sende inn søknad om spelemidlar til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv
- 15. februar for å sende inn søknad om spelemidlar til kulturbygg eller kulturarena

Eigaren av anlegg som får løyvd spelemidlar, har 10 års driftsplikt for nærmiljøanlegg og 30 års driftsplikt for ordinære anlegg. Dersom drifta blir avvikla før driftsplikta er over, må eigaren betale tilbake tilskotet eller delar av tilskotet til Kultur- og likestillingsdepartementet. Alle som får innvilga spelemidlar, må også kjenne til og følge regelverket for spelemidlar.

Det er meldt inn tre nye søknader om spelemidlar til ordinære anlegg. Det er så langt ikkje meldt inn nye kulturbygg som skal søke om spelemidlar innan den kommande søknadsfristen.

Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027–2028 ligg vedlagt.

Vurdering og drøfting av saka

Alternativ 1: Sende planen på høyring med vedlagt prioritering	
Beskriv alternativet:	
Vi sender plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027–2028 på høyring med den prioriterte rekkefølga i planen. Prioriteringslista er kommunen si tilråding til fylket om kva anlegg som bør få tildelt spelemidlar først. Samstundes legg kommunen til grunn at alle søknadene kan få tildelt spelemidlar over tid.	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	**Positivt:** Alternativet gir ei tydeleg og føreseieleg prioritering av søknadene. Det gir også søkarane eit betre grunnlag for å

	planlegge framdrift og økonomi, sjølv om alle ikkje får tildeling samtidig. **Negativt**: Søkarar som blir prioriterte lenger nede på lista, kan måtte vente lenger på tildeling av spelemidlar og på utbetaling.
... for klima og miljø	Dette er ikkje vurdert i denne saka.
... for organisasjonen	**Positivt**: Alternativet er enkelt å følge opp administrativt, fordi det bygger på vedlagt prioritering og gir ei klar tilråding til fylket. **Negativt**: Dette gir ingen særlege ulemper.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	**Positivt**: Dette gir ingen særlege fordelar. **Negativt**: Dette gir ingen særlege ulemper.

Alternativ 2: Endre planen si prioriterte rekkefølge og sende han på høyring	
Beskriv alternativet:	
Vi sender plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027–2028 på høyring med endra prioritering, slik at anlegg med nyare søknader kjem lenger fram på prioriteringslista som blir send til fylket. Også i dette alternativet legg kommunen til grunn at alle søknadene kan få tildelt spelemidlar over tid. Det krev ei ny vurdering av kva anlegg som bør prioriterast.	
Drøft konsekvensar:	
... for økonomi	**Positivt**: Alternativet kan gi raskare tildeling til nyare prosjekt som er klare for gjennomføring, og kan gi enkelte søkarar tidlegare tildeling. **Negativt**: Alternativet kan skape mindre føreseielegheit for søkarar som har venta lenge og rekna med å stå høgare i prioriteringa.
... for klima og miljø	Ikkje vurdert i denne saka.
... for organisasjonen	**Positivt**: Alternativet viser at kommunen kan justere prioriteringa når det kjem nye søknader og nye vurderingar. **Negativt**: Alternativet kan føre til meir diskusjon om prioriteringsgrunnlaget og krev ei tydeleg grunngiving overfor både søkarane og fylket.
... for barnets beste og andre særskilde grupper	**Positivt**: Alternativet kan gi raskare tildeling til nyare anlegg som er særleg viktige for barn, unge eller andre brukargrupper.

	Negativt: Omprioritering kan føre til at andre anlegg som også er viktige for barn, unge eller andre særskilde grupper, må vente lenger enn forventa.

Oppsummering av fordelar og ulemper	
Alternativ 1	**Fordel**: Alternativet gir ei føreseieleg prioritering og ei tydeleg tilråding til fylket om kva anlegg som bør få tildelt spelemidlar først. **Ulempe:** Nyare søknader må vente på tildeling av midlar.
Alternativ 2	**Fordel**: Alternativet kan gi raskare tildeling til nyare anlegg. **Ulempe**: Alternativet kan skape mindre føreseielegheit for søkarar som har venta lenge og rekna med å stå høgare i prioriteringa, og det kan også skape diskusjon om grunnlaget for prioriteringa.

Sårbarheit og utfordringar

Ikkje relevant.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Kommunedirektøren tilrår at plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, friluftsliv og kulturbygg 2027–2028 blir send på høyring med den prioriterte rekkefølga som ligg ved. Dette gir ei føreseieleg prioritering og ei tydeleg tilråding til fylket om kva anlegg som bør få tildelt spelemidlar først. Kommunedirektøren legg samstundes til grunn at alle søknadene kan få tildelt spelemidlar over tid.